



Fyresdal

STATENS VEGVESEN

Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Deres ref. 25/193773-2

Vår ref.
2025/929-3

Dykkar ref.
Halgeir Jansen

Saksbehandlar
Halvor Homme

Dato
06.08.2025

Tilbakemelding tilsynsrapport - vilkårsparkering - Fyresdal kommune

Svar på tilsynsrapport – vilkårsparkering

Vi viser til tilsynsrapport datert 30.07.2025, med varsel om vedtak etter parkeringsforskrifta. Fyresdal kommune har gått gjennom rapporten og takkar for grundig tilsyn og rettleiing. Vi ønskjer med dette å gje vår uttale etter forvaltningslova § 16:

Om vilkårsparkering

Det har aldri vore intensjonen til Fyresdal kommune å tilby våre besøkande vilkårsparkering. Parkeringsplassane det er snakk om, har vore meint som eit lågterskel og frivillig tilbod, der brukarane kan betale ei avgift via Vipps. Det har ikkje vore noko kontroll eller sanksjonar ved manglande betaling, og vi har heller inga planar om slik handheving. Dette har òg vore formidla på heimesidene våre, der det står at betalinga er frivillig.

Vi ser no at skiltinga på parkeringsplassane kan oppfattast som at det vert stilt krav om betaling, og at dette kan falle inn under definisjonen av vilkårsparkering i forskrifta. Dette har ikkje vore intensjonen, og vi ser behovet for å klargjere informasjonen.

Tiltak som vil bli gjennomførte

Endring av skilting: Vi vil fjerne eller endre skilta som kan tolkast som krav om betaling, slik at det klart kjem fram at parkeringa er gratis og at betaling er frivillig.

Oppdatert informasjon: Vi vil oppdatere heimesidene våre, der det går endå tydelegare fram at parkeringa er gratis, og at betaling kun er ei frivillig støtteordning.

Ingen kontroll eller reaksjonar: Vi stadfestar at det ikkje vil bli gjennomført nokon form for kontroll, gebyr eller reaksjonar overfor dei som ikkje betalar. Vi vurderer difor at tilbodet ikkje kjem inn under vilkårsparkering, slik det er definert i forskrifta.

Vi håpar dette klargjer kommunen si haldning og praksis, og at dei tiltaka vi no set i verk vil vere tilstrekkelege for å lukke avvika.

Vi står gjerne til disposisjon for vidare dialog, dersom det er behov for ytterlegare presiseringar eller dokumentasjon.

Med venleg helsing

Halvor Homme
Kommunalsjef plan og teknikk

Dokumentet er sendt elektronisk og har derfor ikkje underskrift

Kopi til:

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK Postboks 2076 3103 TØNSBERG